

Komentar til fråsegn om Konsesjon Brattegjølet Kraftverk.

Fråsgner vart gjennomgått på møte 25.8.13

Sogn og Fjordane Turlag:

Badeplass vert ikkje forringa av utbyggjing. Potensialet med tursti har vore arbeidd med i eiga nemnd. Dette arbeidet har ikkje gjeve resultat. Området kjem til å ha like stor betydning for friluftsliv etter utbygging som det har i dag.

Fylkesmannen:

Her er det nemt mange negative konsekvensar. Mange av desse er etter vårt syn dårlege og lite dokumenterte argument. Fossen er ikkje synleg frå fv 60. Det er og lite av elvastrekninga som er synleg pga skog. Det er vanskeleg å sjå at Brattegjølet er gyteplass med den store vassføringa det er i hølen. Som ein del av konsesjonen etter Tussautbyggjinga vart det sett ut 10000 lakseyngel i elva pr år. Det kom nesten ikkje vaksen fisk opp att i vassdraget, men elva vart nesten øydelagd pga utvandringsklar yngel. Det er difor drøyt å seie at elva har potensiale som lakseelv. Strekninga frå dammen til brattegjølet er heller ikkje mykje nytta til ørretfiske.

Badeplassen (Dammen) er mykje brukt. Dette er ei kunstig demning etter det gamle kraftverket. Badeplassen blir etter vårt syn ikkje forringa, det er heller ikkje i vår interesse.

Det finst ikkje ål ovanfor fossen. Dette kan bevisast ved for eksempel ålause.

Grunneigarane har og registrert elvepadling i vassdraget. 4-5 padlarar har gått ned fossen. Dette under gunstige forhold. Problemet er ofte for stor vassføring. Det er kanskje eit dårleg argument å vise til elvepadling på strekninga når vassføringa må vere heilt optimal for at padlarar skal sette sit eige liv i fare ved å gå ned fossen. Vi har heller ikkje registrert positive effektar av desse på næringslivet eller i kommunen.

Dei andre uttalane er av positiv karakter, og gjev eit bilde av at dette ikkje vil ødelegge vassdraget. Grunneigarane er likevel overaska over at det ikkje er nettkapasitet til å ta i mot straum frå dette verket no. Vi fekk førebels løyve til tilknytning då vi starta arbeidet, men denne var for to år.

Vi håpar eller å kunne kome med informasjon og utfyllande opplysningar på synfaringa.

For Brattegjølet Kraftverk

Lars Andreas Tomasgård